



**Miljøverndepartementet**  
Postboks 8013 Dep  
0030 Oslo

Kviteseid 10. desember 2003.

## **Uttale Planlovutvalet NOU 2003-14.**

Me viser til vår uttale til NOU 2001-7 som ligg ved.

Generelt vil me peike på at Planlovutvalet i større grad burde ha teke omsyn til at føresetnadene for planlegging i by/tettstader og utkantkommunar er svært ulike. Dette burde gå fram av lova og danne grunnlaget for tolking av regelverket. På denne måten vil ein kunne oppnå mindre konflikhtar mellom dei ulike forvaltningsnivåa og danne ei betre forståing for planlovverket på landsbygda.

Av konkrete tema som me har merknader til vil me nemne:

- Fylkesplanar
- Kostnader med konsekvensutgreiingar
- Bruk av motsegn
- Presisering og krav til driftshusvære
- Høve til å setje krav om bakgrunnsareal

### **1. Fylkesplanar**

Om Fylkesplanen skal vera juridisk bindande må kommunar som blir råka ha rett til å leggje inn motsegn til planen.

### **2. Kostnader med konsekvensutgreiingar**

Det er urimeleg at kommunane skal bera utgiftene med konsekvensutgreiingar som til dømes ved riks- og fylkesvegprosjekt.

### **3. Bruk av motsegn**

Bruk av motsegn må strammast opp, slik 5 av medlemmene i utvalet har gjeve uttrykk for i kap. 5 side 128.



#### 4. Definisjon av "driftshusvære" i LNF-område

Reglane og krava for å få bygge driftshusvære etter § 81 (dagens lov) må mjukast opp. Etter kvart som den tradisjonelle landbruksnæringa får dårlegare rammevilkår og større konkurranse, er det viktig at tilhøva blir lagt til rette for nye former for næringsverksemd.

Utmarksnæring er ein måte å nytte ressursane på som mange stader kan gje gardsbruka store inntekter. Potensialet er særleg stort for utkantbygdene i åra som kjem. Eit viktig element i ei slik satsing er høvet til å restaurere gamle støylar og steinbuer på høgjellet i samband med utleige knytt til jakt og fiske.

#### 5. Høve til å setje krav til bakgrunnsareal

I område der det i arealdelen blir opna for bygging av fritidsbustader, bør det i lovverket gjevast høve til å stille krav om bakgrunnsareal. Dette vil kunne gje ei meir rimeleg fordeling av utbyggingsareal mellom eigedomar. Dette bør òg vera mogleg å krevje i LNF-området der det er høve til spreidd fritidsbusetnad.

Venleg helsing

Vest-Telemark Tinget


Olav Tho (sign)  
ordf. Hjartdal

Arne Vinje (sign)  
ordf. Vinje

John Kleivstaul (sign)  
ordf. Seljord

Øyvind Tveit (sign)  
ordf. Nissedal

Torstein Tveito (sign)  
ordf. Kviteseid

  
Saamund Gjersund  
ordf. Fyresdal